



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Andreas Stenersen, 5557 2056

Vår dato
04.10.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/10975 735
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune

06 OKT 2017

Svar - uttale av skysstilhøve på Stord - Hordaland fylkeskommune

Vi viser til svar fra Skyss datert 18. september 2017 om skysstilhøva på Stord etter oppslag i Sunnhordland. Fylkesmannen bad om ei utgreiing i brev datert 6. september 2017 om tilhøva med bussavgangane på laurdagar og søndagar.

Fylkesmannen forstår saka slik at Fitjar vidaregåande skule har meldt inn elevar som ikkje er omfatta av gratis skuleskyss, men er under ordninga med ungdomskort. Etter ein gjennomgang har Skyss avslått gratis skuleskyss for til saman 91 elevar. Fylkesmannen har ingen merknader til dette.

Når det gjeld bussavgangar viser Skyss til søknaden frå 2002 der det står: at «*(...) Som grunnlag for å fastsetje kva område som skal omfattast av ordninga, slik det er teikna inn på vedlagte kart, har vi nyttet ei liberalisert versjon av kriteria som vart godkjent av UFD i 2002.*» Det er vidare vist til tre kulepunkt der det siste punktet står at «*område innanfor 3 km frå busstrasear med høg frekvens i ein retning fram til tidlegast kl. 2100 kvar dag (kl. 2000 i søknaden).*»

Fylkesmannen viser til brev frå Utdannings- og forskningsdepartementet til Hordaland fylkeskommune datert 22. mai 2002 som gjeld dispensasjonssøknad frå gratis skoleskyss for elevar i vidaregåande skule. Dette vedtaket var det opprinnelege vedtaket før Fylkesmannen fekk delegert denne oppgåva. I fjerde avsnitt på side 1 står det at:

«*Etter departementets syn er ikke forskriftens vilkår i tredje strekpunkt oppfylt i de områdene der det er rutetilbud til klokka 20.00 eller tidligere på lørdager. Departementet begrunner dette slik: Utgangspunktet er at alle elever som oppfyller lovens krav om reiseavstand på seks km. mellom hjem og skole, har en lovfestet rett til skyss. Det er stilt strenge krav i forskriften for å gjøre avvik fra den lovfestede retten. Etter vårt syn kan det bare gjøres unntak fra den lovfestede retten i de tilfeller og i de områder der alternativet – en rabattkortordning – vil fremstå som en god ordning for de berørte elevene. Et kollektivtilbud som varer fram til klokka 21.00 eller kortere i helgene tilfredsstiller ikke forskriftens krav.*

Departementet mener forskriftens krav er oppfylt i de øvrige deler av fylket det er søkt om dispensasjon for. For disse områdene gir departementet dispensasjon for skoleåret 2002-03.

Fylkesmannen har i dei årlege dispensasjonsvedtaka skrive at «*et kollektivtilbod som berre varar fram til kl. 21.00 eller kortare i helgene ikkje stettar krava i forskrifta.*» Dette står også i vedtaket datert 8. juni 2017. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er gjeven nokon dispensasjon

for å nytte ein «liberalisert versjon» av vilkåra som Utdannings- og forskningsdepartementet la til grunn i dispensasjonen i 2002.

Fylkesmannen viser også til vedlagt notat frå telefonsamtale mellom Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland frå 2006. I punkt 2 har fylkeskommunen stilt spørsmål om kor vidt det må eksistere eit rutetilbod også etter klokka 21.00 på laurdagar og søndagar. Til dette har Fylkesmannen svart at rutetilboden må strekkje seg utover klokka 21.00, og det skal vere eit tenleg tilbod for brukaren. Det er presisert at det er nok at det går ei rute til og frå heimstaden etter klokka 21.00 dersom dette kan definerast som tenleg tilbod. Det vert også vist til forskriftene og vedtak datert 25. april 2006. I vedtaket frå april 2006 er det på side to presisert at: «Eit kollektivtilbod som berre varer fram til kl. 21.00 eller kortare i helgene stettar ikkje krava i forskrifta».

Fylkesmannen peiker på at Undervisning- og forskningsdepartementet ikkje har gjeve dispensasjon for at bussrutene kan slutte å gå før klokka 21.00 i helgene. Heller ikkje i dispensasjonsvedtaka frå Fylkesmannen er det gjeve dispensasjon for dette. Det er snarare sett som vilkår, både av departementet og Fylkesmannen, at kollektivtilboden må strekkje seg ut over klokka 21.00 i helgene, og at eit kollektivtilbod som berre varer fram til klokka 21.00 ikkje er i tråd med krava i forskrifta.

Fylkesmannen legg til grunn at Hordaland fylkeskommune v/ Skyss følgjer vilkåra i samband med dispensasjon frå kravet om gratis skuleskyss for clevar i vidaregåande skule.

Vedlagt dette brevet er opprinneleg dispensasjonsvedtak frå departementet og telefonnotat mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Andreas Stenersen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:
Dispensasjonsvedtak
Telefonnotat